



Tysseland Arkitektur AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2407 - 18/18324

Saksbehandlar:

Tore Johan Erstad

tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:

04.09.2018

GBNR 23/1 - Avklaring av søknadsplikt

Saka gjeld:

Vedlagt følger epost frå bebuarar i Elvavegen med førespurnad knytt til plassering av jordmasser på gbnr 23/1, som er naboeigedomen til utbygginga ved Elvaåsen reguleringsområde.

Det blir vidare vist til tidlegare korrespondanse om same tilhøve i oktober 2016. Den gongen blei det konkludert med at tiltaket var fritatt frå søknadsplikt i samsvar med unntaket for mellombels lagring av massar på eigedom som står i direkte tilknytning til bygge- eller anleggstomt der arbeid pågår, jf SAK10 § 4-2, bokstav (a).

Foto tatt 03.09.2018:



Bebuarane har bedt om svar frå kommunen om utfyllinga som er gjennomført er søknadspliktig som tiltak etter plan- og bygningslova.

Uavhengig av spørsmålet om søknadsplikt har bebuarane bedt opplyst kva for vurderingar kommunen har gjort seg om potensielle problem knytt til fare for flaum og overfløyning.

Avklaring av søknadsplikt - Frist for tilbakemelding:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Arealet er uregulert, vist delvis som framtidig byggeområde for bustader og delvis som grønstruktur. Tiltaket blir etter ei førebels vurdering ikkje vurdert å vere i strid med arealformålet på staden.

Med tilvising til opplysningane frå bebruarane, sjå vedlegg, ber kommunen om tilbakemelding frå ansvarleg søker om kva for vurderingar som er gjort med omsyn til søknadsplikt etter plan- og bygningslova.

Når det gjeld bekymring frå naboar knytt til skade på eigen grunn, vil dette vere tilhøve som må løysast naborettleg. Uavhengig av søknadsplikten vil det ikkje vere kommunen sitt ansvar dersom utbygger har gjennomført tiltak som medfører skade på naboegedom. Det er eit ansvar som ligg til utbygger/grunneigar. Administrasjonen oppmodar utbygger til å løyse eventuell usemje i direkte dialog med naboane.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Rune Skarpenes

Elvavegen 20

5918

FREKHAUG

Mottakere:

Boligbygg Vest AS
Tysseland Arkitektur AS

Fagerdalen 4

5039

BERGEN